

# Eit norsk justismord

108407

**Vi nordmenn skrik høgt og skinheilagt om manglande rettstilstand i andre land, ikkje minst bak Churchills jarnteppe, men går musestilt i dørene når lovlyse skjer innanfor eigne grenser. Vi er på fleire måtar eit folk av hyklarar, og ikkje minst når det gjeld ting som har med krigen og okkupasjonstida å gjøre.**

**Baker**

SVEIN BLINDHEIM

Denne gongen tenkjer eg spesielt på eitt av dei stiggaste rettsovergrepene i aprildagane 1940, nemlig mot sjefen for hærens flyskule på Kjeller, rittmeister Harald Normann.

Eg veit ikkje om det var til å unngå at vanleg rettskjensle blei grovt krenkt i det totale kaoset og den useileige øvelsøysa vi opplevde 9. april i vekene etterpå. Men eitt veit eg, at det er for jævlig at vi, som skrik så høgt om kor gode og lovlydige vi er, ikkje gjer urennet god att, så langt det er mogeleg, når eklatant brot på lov og rett blir konstatert. Slik undergrev demokratiet seg sjølv i Noreg, for å seie det presist med Sigurd Skirbekk.

## Høyre på bordskikkjar

Kva gjorde han gale i 1940, rittmeisteren, vilkårlig arrestert, audijsuka og ærekrenkt ekstra ved å måtte marsjere i flykaptainsuniform i spissrotgang gjennom gatein i Hamar og Lillehammer saman med kriminelle arrestantar, sett på som spion og landssvikar av tilskodarar i høpetal langs marsjruta?

Han gjorde inkje gale, tvert imot. Han handla då det «forutsjående utanriksleininga» og heile rikets krigsmaki var handlingslamma og paralyisert. 8. april, då regjering og storting i det uendelige snakka etter det siste engelske brotet mot Noreg, mens overkommandoen sat i Militære Samfund i Oslo og høyre på prat om bordskikkjar, handla flyskulesjefen, som forstod at krigen mellom Storbritannia/Frankrike og Tyskland kunne bli flytt til Noreg kvar augneblink, og sørge for at flyskulen 24 uværda fly blei evakuerte frå Kjeller flyplass.

Normann såg klart kven som trua sjølvstendet vårt, mens regjering og overkommando berre hadde vore oppatt av den førehandsutpektre fienden, Sovjetunionen, som dei hadde mobilisert meir enn 7200 soldatar mot lengst nord i landet.

Denne overmobiliseringa mot fel fiende hadde røta til mobiliseringsordninga for dei fem divisjonane i Sør-Noreg også. Dette temaet har vore tabu i etterkrigs-Noreg. Det har også det «doblete bokholderiet» i mobiliseringssystemet vore.

Satsinga lengst i nord høg saman med at vi for alt i verda måtte komme på «rett side» i oppgjaret mellom Vestmaktene og Tyskland. Altå null-tiltak mot England og Royal Navy i sør, overmobilisering i nord, denblant også av militæravdelingar frå divisjonane i Sør-Noreg.

## Hemmeleg frikjennung

Harald Normann såg rett. Hadde dei 24 flya stati på Kjeller der dei skulle ha stati om han ikkje hadde flytta dei, hadde dei blitt

bomba og skotne sørder og saman. Då hadde det sikkert gått han bra; han kunne knapt ha unngått å bli oberst eller general i etterkrigs-Noreg. Paradokset er at det gjekk han så ille som mogeleg av di han handla fornuftig. Dette var mystisk, tenkte de den handlingslamma øvste militære leiainga, der ho flyktja frå den eine skansen til den neste dei første dagane utan å leie til noko som helst. Truleg stod Harald Normann i samråd med Quisling, kjende til dei tyske åtaksplanane, tenkte dei.

Det «ansvarlege» i Noreg trøng syndebukkar å fokusere skulda på. Harald Normann blei eitt av offæra. \*

Dei som huggar tafatheit, hysterier, mistenkjeleggjeringa, spionjakta på uskuldig landsmann, det militære rotet, ryktelauen, bør skjonne. Skulle dei framleis tvile, bør dei lese den amerikanske stjernejournalisten Leland Stowes skildring av hendingane i Noreg og Oslo i aprildagane i staden for spenstige bortforklaringer i dei offisielle skildringane, skrivne av dei medansvarlege for kaoset.

## Rått land

Intenst, nådelauast fortel sonen til rittmeisteren om korleis lokalmiljø kunne tyrannisere slike som blei stempla. Vi les om dag-

lege dosar juling, spittlyser, skjellsord som nazi-djevel, landssvikar osv. Gjener frå sône til «godtfolk» som jobba på flyplassar som blei brukte av Luftwaffe mot nordmenn som framleis slost, sônen til profitoraen av ymse kategoriar o.a.

Før eitt rått land! «Tabber» er det karakterisert som i Arbeiderbladet (23.10.87). Det må vere eit makabert understatement i eit land der vi dagleg les om Dreyfus-saka, om Raoul Wallenberg, om Sakharov osv i avisene og i historiebokene. Kvifor ikkje først ordne opp i vart eige land?

Eg vågar påstanden at Noreg er eit lukka og autoritært land i «skite» saker av typen rittmeister Normann. Sit kanskje ikkje oite tilfeldige sjefar eller politisk utnemnde bossar som småkongar med makt over tilgjengje eller ikkje-tilgjengje til arkivskap som inneheld «brennbart stoff». Som bossar av fleire typar brenn opp arkiva våre — utan at politiet kjem og tek dei.

I det aktuelle tilfellet skulle det sogar til ei teknisk sett ulovleg handling då Oktober forlag fekk tak i og gjorde kjend rapporten frå den militære granskingskommisjonen. I han står dommen over Harald Normann. Her kan vi lese at kommisjonen uttaler sin «anerkjennelse av den dyktighet hvormed rittmeisteren i dagene 8.-11. april organiserte og ledet evakueringen av flygeskolens personell og verdifulle materiell. At det skulle ha vært noe i veien med hans nasjonale innstilling anser kommisjonen for utelukket.»

Denne dommen fall snart etter at krigen sluttar. Harald Normann slost resten av livet for å få vite, men dommen var hemmeligstempla, sjølv for Normann! Då han eit kvart hundreår seinare blei trykt av Oktober forlag, var Harald Normann 85 år.

I eit samfunn som seier seg å vere demokratisk og rettsmedvite gir spørsmålet seg sjølv kvifor utsegna frå undersøkingskommisjonen som var gitt i 1946 ikkje blei kjend for offret for i 1978 — og då berre på «ulovleg» vis? Fritt etter Franz Kafka i «Prosesen» kan vi seie at «nokon hadde baktalt» Harald Normann, for uten at han hadde gjort noko gale, men tvert om, blei han arrestert ein morgen.

## Skammar oss

Intenst, nådelauast følgjer vi denne mest utrulege familielagnaden mellom 1940 og 1985 med beiskekap og von, og med den djupaste avsky for politiske styresmakter som overlet saka til eit byråkrati dei ikkje har styring med. Vi skammar oss over korleis dette «Look to Norway»-landet brutalt kunne knekke ein heil familie. Det er til å bli skamraud over korleis såkalla gode nordmenn kunne behandle tyskarbarn, tyskartøser, barn i NS-familiar — og altå heile familien til ein som hadde gjort meir positivt og rett i ein krisesituasjon då praktiskt alt alle var paralyiserte, regjering og overkommando medrekna. For å ta opp att: Slik undergrev demokratiet seg sjølv.

Imponerande er fru Normanns ukuelege optimisme og hennar totale lojalitet til mannen. Uviklærlig fell tankane på kona til ein annan «Normann», kanskje også tatt av dage av spionjegerar og eit byråkrati av juristar av den bisarre typen Honoré Daumier teiknar frå rettsalen.

Nidkjære tilhengrar av rett og sanning i vårt mest «rett-smedvitne» av alle land burde ta opp denne — og andre skamplattar — frå 1940 og okkupasjonstida. Når dei vel har ordna opp heime, kan dei halde fram med å ordne opp i andre lands og verdsdelar, sende biblar til det ukristelege Sovjet, m.m., ikkje sant, Kåre Kristiansen, Kåre Willoch og alle fridomskjemparar?

Jens Petter Normann:  
Rittmesterens testamente  
Gyldendal 1987

## Sett og saks

**DA, SÅ**  
Mente statsråden at Mugaas kunne kalles en spade, hadde hun vel sagt det.

Frå leiar i Osloavisen

### BELLONAS BØTER

— Nå er regjeringa plutselig blitt så miljøvennlig, nå er det så greit å være for miljøsak. Men Bellona-aktivistene er blitt bøtelagt mange ganger. Hvis Gro er så for miljø så får hun tilbakebetale bøtene til Bellona!

Skadespela Anne Krigsvoll til Klassekampen

**Damms Antikvariat A/S**  
Tollbugt. 25-27,  
0157 Oslo 1  
tlf. (02) 41 04 02  
*Fem århundrs bøker og bilder.*

**BJØRN RINGSTRØMS ANTIKVARIAT**  
Ullevålsvei. 1  
0165 Oslo 1  
Tlf. (02) 20 78 05

**Trofeferie**  
apner et nyoppført feriesenter i Danmark.  
Fra 1. aug. også med 6000 m<sup>2</sup> stort subtropisk badeland.

Allerede i løpet av sommeren vil det være massor av aktivitetsmuligheter for hele familien pl.a. tennis • ridning • windsurfing • bowling • fotball • biljard • bordtennis • sykkelritt • minigolf m.m.

I feriesenteret finner du også supermarked og restaurant.

Gode utfluktmuligheter bl.a. til Knuthenborg Safaripark, Aalholm Slot og Automobilmuseum og selvsagt shopping til Tyskland.

Du kan velge mellom 8 forskjellige typer vinnendeide ferieboliger for 3-6 personer, beliggende kun 300 m fra den utebadestrand.

Før 1. august pris 1 uke fra Dkr. 1735,-  
til 3-4 personer pris 1 uke fra Dkr. 2045,-

Før 1. august pris 1 uke fra Dkr. 1735,-  
til 3-4 personer pris 1 uke fra Dkr. 2045,-

Ring og bestill din ferie allerede NU  
09545 39 40 00 / 39 40 22 - eller be om brosjyre.  
Søndag 10. 16. Hverdag 8. 17  
Vi glemmer ikke å sende bestilling med følgende:  
Ferie • sport • konferanse • kursenter

**Lalandia**  
Hagesvei DK-4970 Risør